



Med 130 turar til Solfjell i året, finn vi namnet Terje Rød dag etter dag.

Solfjell er eit populært turmål i Uskedalen. Med 900 meter over havet har du flott sikt mot indre Kvinnherad, Folgefonna, inn Hardangerfjorden, mot Os og Bergen og ikkje minst til Ulvanoso, Englafjell og Manen. Terje Rød er den som har flest turar i året til toppen på Solfjell.

Terje Rød fortel til Uskedalen.no at han i friperiodane sine frå jobben prøver å gå turar kvar dag. Solfjell er favorittfjellet, men han går på alle toppane rundt Uskedalen. Til no i 2016 har han vore på Solfjell 85 gonger. I 2015 nådde han talet 130. Terje går som opp og ned over Halsane og Storhaug. Nokre turar går opp Kjærlandsvegen, i same traseen som vert brukt på Solfjelløpet.



Solfjell, 900 m.o.h. med vakker utsikt mot Ulvanoso og Englafjell

Terje har merka ein liten nedgang i talet personar som går på Solfjell. Han møter lite folk på toppen, bortsett frå i helgane og når det er fint ver. Turen frå huset i Halsabrotet til Solfjell og heimatt tek om lag 2,5 time. Det er dei to siste åra at Terje Rød verkeleg har fått interesse for toppturar. Det går fort, men han set av tid til å skriva i turbøkene under vegs.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal